



Rune imponerte....(Foto: Ola Matti Mathisen)

På fredagskvelden var Bergens-paret (no busett på Tysnes) Rune Hauge og Kjersti Misje i

Dønhaugkjedlaren og gav dei framømte ei stor oppleving. Diverre var det – av ein eller annan uforståeleg grunn – berre 35 til stades.

Men dei som kom fekk høyra vakker og melodøs musikk av duoen "Millpound Moon", som stadig legg nye musikalske alen til sin vekst. Det gjekk ikkje minst fram av repertoaret at dei har henta sterk inspirasjon under dei siste turneane sine i USA og England.

Rune Hauge har gjennom mange år markert seg som ein av dei fremste i Noreg innan folc-music og bluegrass og i tillegg må han vera ein av dei fremste gitaristar vi har. I hvert fall imponerte han stort i så måte i Dønhaugkjedlaren.

Partnaren har også etterkvart vorte svært flink på gitar og har ei varm og fin røyst. Både ho og han får også mange poeng som låtskrivarar og ei ny plate er rett rundt hjørnet. Saman utgjer dei ein duo som ein skal leita langt etter for å finna maken til og dei som ikkje var på Dønhaug veit ikkje kva dei gjekk glipp av.

Men neste gong (fredag 18. januar) blir det nok stappfullt i kjedlaren, for då kjem William Hut att.

Av Ola Matti Mathisen



....og Kjersti imponerte....(Foto: Ola Matti Mathisen)